

Møteprotokoll

Utval: Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Arbeidsutvalet
Møtestad: Telefonmøte
Dato: 24.07.2014
Tidspunkt: 13:00 - 13:15

Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Håkon Myrvang	LEDER	
Ola Tarjei Kroken	NESTL	
Oddmund Klakegg	MEDL	

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Alf Erik Røyrvik	verneområdeforvaltar

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 3/14	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 4/14	Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Søknad om å setje opp ny bru i Vetledalen - Nesstranda sankelag		2014/2955
ST 5/14	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Søknad om midlar til ny bru - Nesstranda sankelag		2014/2955
ST 6/14	Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Søknad om å lande med helikopter - Norges Geologiske Undersøkelser		2012/3426

ST 3/14 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Vedtak:

Arbeidsutvalet godkjende innkalling og sakliste

Arkivsaksnr: 2014/2955-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 23.07.2014

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Arbeidsutvalet	4/14	24.07.2014

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Søknad om å setje opp ny bru i Vetledalen - Nesstranda sankelag

Dokument i saka:

- Søknad om oppsetting av bru i Vetledalen
- Verneforskrift for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde

Søknaden

Nesstranda sankelag v/Per Kandal søker om å få setje opp ny bru over elva i Vetledalen. Den gamle brua vart teken av snø og is for nokre år sidan. Etter dette har det til tider med stor vassføring vore vanskeleg å få både folk og dyr over elva. Auka tal på beitedyr i området siste åra har gjort at behovet for bru har vorte meir aktuelt. I tillegg går den merka ruta frå Myklandsstøylen til Longevasshytta over denne brua.

Sankelaget ynskjer å frakte opp ei bru i aluminium, som kan leggest på land gjennom vinteren. På denne måten unngår ein at brua vert teken av is og snø igjen. Brua skal plasserast ikkje langt nedanfor utløpet frå vatnet i Vetledalen.

Sankelaget har og søkt om midlar til brua, dette vert handsama som ei eiga sak.

Forskrift og regelverk

Det er i utgangspunktet forbode å føre opp innretningar i landskapsvernområdet. Men forvaltningsstyresmakta kan gje dispensasjon frå dette forbodet i visse tilfelle, mellom anna bruer som er naudsynte for beitenæring og friluftsliv. Dette står presisert i verneforskrifta sin § 3 punkt 1.3 g):

§ 3 Vernereglar:

1.3. Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til:

[...]

g) Bygging av bruer og klopper som er naudsynte i samband med beitebruk og friluftsliv.

Forvaltingsstyresmakta har derfor heimel etter verneforskrifta til å gje løyve til den omsøkte bygginga av bruer.

Tiltakshavar er sjølv ansvarlege for at tiltaket har løyve frå plan- og bygningslova og andre regelverk dersom det er naudsynt.

Vurdering

Beiting er viktig for landskapsvernområdet. Både for å halde kulturlandskapet i hevd, men og for å halde på tradisjonane med utnytting av beiteressursane i utmarka til matproduksjon.

Forvaltingsstyresmakta vil derfor legge til rette for beitenæringa sine behov innanfor dei rammene som verneforskrifta og anna lovverk set for bruken av området. Friluftsliv er og ein viktig bruk av området, som forvaltninga vil legge til rette for. Sikre trygg ferdsel er eit godt tiltak, og særleg ser forvaltninga positivt på tiltak som er til nytte både for beitenæring og friluftsliv.

Brua skal plasserast på same stad eller i nærleiken av der kor ein har hatt bru tidlegare. Men i og med at der ikkje har vore bru dei siste åra, og i og med at den kanskje skal flyttast litt, vert saka handsama som oppføring av ny bru. Det er likevel eit «formildande» omstende at brua skal erstatte ei tidlegare bru. Verneområdeforvaltaren stiller seg bak sankelaget si vurdering om at det er mest hensiktsmessig med ei bru som kan flyttast vekk frå elva om vinteren. Ei slik flyttbar bru er og eit meir reversibelt inngrep i landskapet enn ei permanent bru som oftast er meir omfattande byggverk.

Brua skal vere av aluminium. Det er eit lett materiale som tåler vind og ver, og er derfor eit godt materiale til ei slik flyttbar bru i fjellet. Bru av metall krev ikkje so grove dimensjonar som tilsvarande bru i tre, og brua vert derfor meir diskret i landskapet. Samstundes vil den blanke aluminiumsfargen kunne vere framtrêdande og «lyse» i landskapet, noko som kan verte oppfatta som negativt. Dette vert ei vurdering av fordelar og ulemper, og slik forvaltninga ser det er dette ei god løysing her oppe i fjellet.

Vurdering opp mot miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova sitt kapittel II

Jamfør naturmangfaldlova (nml) sin § 7, skal alle vedtak som kan få verknader på naturmiljøet vurderast opp mot nml §§ 8-12.

I følgje § 8 skal det settast krav til at kunnskapsgrunnlaget kring tiltaket og eventuelle effektar skal vere tilstrekkeleg godt. I denne saka har vi ikkje kjennskap til at tiltaket vil få negative konsekvensar for naturmiljøet. Databasane Naturbase og Artskart syner heller ingen registrerte førekomstar eller naturtypar i dette området som kan vere i konflikt med tiltaket. Kunnskapsgrunnlaget er so godt at føre-var-prinsippet i § 9 ikkje vert nytta her.

Det er ikkje venta at tiltaket vil auke den samla belastninga i området, jamfør § 10 i nml. Tiltaket vil heller vere med på å oppretthalde ønska aktivitet som beiting og tradisjonelt friluftsliv.

Nml § 12 gjev heimel til å pålegge tiltakshavar å nytte den mest miljøvenlege metode eller lokalisering for tiltaket. Verneområdeforvaltninga ser ingen grunn til å pålegge noko anna metode eller lokalisering enn det som er planlagt og søkt om.

Verneområdeforvaltaren sitt framlegg til vedtak:

Nesstranda sankelag får løyve til å setje opp ny bru over elva i Vetledalen i Kandalsfjella. Løyvet vert gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 pkt 1.3 g). Løyvet gjeld på følgjande vilkår:

- Tiltakshavar er sjølv ansvarleg for naudsynte løyver frå kommune og/eller grunneigar
- Alt skort og søppel skal ryddast og fjernast etter at brua er på plass
- Tiltaket skal dokumenterast med bilete når brua er på plass

Vedtak:

Arbeidsutvalet fatta vedtak i tråd med framlegget til verneområdeforvaltaren.

Arkivsaksnr: 2014/2955-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 23.07.2014

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Arbeidsutvalet	5/14	24.07.2014

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Søknad om midlar til ny bru - Nesstranda sankelag

Dokument i saka:

- Søknad om midlar frå Nesstranda sankelag

Søknaden

Nesstranda sankelag søker om støtte til å setje opp ny bru i Vetledalen i Kandalsfjella. Den gamle brua vart teken av snø og is for nokre år sidan, og der er behov for ei ny bru for å få folk og beitedyr over elva. Særleg er dette problematisk på høg vassføring i elva. Talet på beitedyr i området er i følge sankelaget aukande. Dessutan går den merka ruta mellom Myklandsstøylen og Longevasshytta over elva her.

Det skal setjast opp ei bru i aluminium som kan takast vekk og leggest på land i vinterhalvåret. På denne måten slepp ein at denne brua og vert teken av vatn, is og snø.

Kostnadsoverslag

Sankelaget har sendt over dette kostnadsoverslaget:

Aluminiumsbru frå Sunnfjord Industri AS:	13850,-
Frakt:	1000,-
Heikoptertransport (Ca)	3000,-
<u>Arbeid (fundament +div forankring) 20t à 200,- :</u>	<u>4000,-</u>
Sum.	21850,-

Vurdering

Verneområdeforvaltninga ser positivt på tiltaket, og viser her til saksutgreiinga til søknaden frå beitelaget om å få sette opp brua.

Nesstranda sankelag har sendt ein «open» søknad der dei ikkje spesifiserer kor mykje dei søker om. Det er då naturleg å sjå på praksis frå liknande søknader tidlegare. Styret har då valt å støtte slike tiltak med heile eller delar av materialkostnaden. I eitt tilfelle har det og verte gjeve støtte til helikoptertransport. Dette må sjåast i ein heilskap, der viktige moment er mellom anna nytteverdien av tiltaket og kor mykje midlar verneområdestyret har tilgjengeleg til tiltak.

I år er so godt som alle midlane brukt eller fordelt til andre tiltak, der eit stort prosjekt på ein buføringsveg tek mykje av midlane. Det faktum at verneområdestyret har fått redusert midlar til tiltak i verneområdet siste åra må og takast med i vurderinga. Styret har likevel kr 10.000 ståande ufordelt som kan nyttast til dette tiltaket. Kr 10.000 vil dekke mesteparten av materialkostnaden, og vil vere høveleg sett i lys av tidlegare praksis og redusert tildeling totalt sett.

Verneområdeforvaltaren sitt framlegg til vedtak:

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre støttar søknaden frå Nesstranda sankelag om midlar til bru med kr 10.000,-

Vedtak:

Arbeidsutvalet fatta vedtak i tråd med framlegget til verneområdeforvaltaren, og støttar søknaden om midlar til bru med kr 10.000,-

Arkivsaksnr: 2012/3426-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 23.07.2014

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Arbeidsutvalet	6/14	24.07.2014

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Søknad om å lande med helikopter - Norges Geologiske Undersøkelser

Dokument i saka:

- Søknad om landingsløyve
- Kart over landingsstad
- Verneforskrift for Naustdal-Gjengedal verneområdestyre

Søknaden

Norges geologiske undersøkelser (NGU) driv med kartlegging og overvaking av ustabile fjellparti på oppdrag frå Noregs Vassdrag- og energidirektorat (NVE). I samband med overvaking av ei ustabil fjellsida ved Osmundnes i Gloppen kommune søker NGU om løyve til å lande med helikopter ved den aktuelle fjellsida, innanfor Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Målinga skal skje i tidsrommet 10.-22. august 2014

Regelverk

Det er ikkje direkte heimel i verneforskrifta til å gje løyve til motorferdsel i samband med geologiske undersøkingar. Men forvaltingsstyresmakta kan gje dispensasjon frå forbodet mot motorferdsel i verneområdet, med heimel i naturmangfaldlova som § 48, første ledd;

§ 48. (dispensasjon fra vernevedtak)

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

I dette tilfellet kan ein gje dispensasjon etter § 48, både fordi ein slik dispensasjon «*ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig [...]*», og fordi «*hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig*». Verneområdeforvaltaren vurderer det slik at å overvake fjellsider som kan rase ut og skade busetnad i stort omfang, er innafor definisjonen på *vesentlige samfunnsinteresser*. Forvaltningsstyresmakta har derfor heimel gjennom nml § 48 til å gje eit slikt løyve det er søkt om.

Vurdering

Kartlegging og overvaking av ustabile fjellparti og fjellsprekker er eit særskilt viktig arbeid med tanke på tryggleiken til dei som bur i område som kan vere utsett for ras og/eller flodbølger.

Forvaltningsstyresmakta vil derfor vere med å støtte opp om og leggje til rette for slik overvaking.

NGU skriv sjølv i søknaden at dei vil avgrense motorferdsla til det som er høgst naudsynt og vil utføre dette på ein skånsam måte.

NGU fekk liknande løyve til landing for å gjennomføre same oppgåva i 2012, og det vart ikkje registrert negative effektar av det løyvet.

Vurdering opp mot miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova

I følgje naturmangfaldlova sin § 7, skal alle vedtak som kan påverke naturgrunnlaget vurderast opp mot nml §§ 8-12.

Forvaltningsstyresmakta er ikkje kjend med at det er sårbare naturverdiar i det området det er aktuelt å lande i, som kan verte negativt påverka av helikopterlanding. Dette er utanfor kjerneområdet til villreinen, og det er heller ikkje noko sårbart tidsrom for villreinen. Databasane Naturbase og Artskart syner ingen registrerte førekomstar eller verdiar som er venta å vere i strid med tiltaket.

Kunnskapsgrunnlaget vert vurdert til å vere tilstrekkeleg, jf. § 8. Førre-var-prinsippet i § 9 er derfor ikkje aktuelt i dette tilfellet.

Dette er eit område med lite eller ingen motorferdsel, og den samla belastninga (jf. nml § 10) er derfor veldig liten. Ein forventar ikkje miljøforringing av tiltaket (jf. nml § 11) og ein vurderer det slik at bruk av helikopter er den mest skånsame og mest praktiske måten å få gjennomført tiltaket på (jf. nml § 12).

Verneområdeforvaltaren sitt framlegg til vedtak:

Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde, ved arbeidsutvalet til styret, gjev Norges geologiske undersøkingar løyve til å lande med helikopter ved ustabil fjellside ovanfor Osmundnes i Gloppen, for å ta målingar til overvaking av ustabil fjellparti. Løyvet vert gjeve med heimel i naturmangfaldlova § 48.

Vilkår for løyvet:

- Dette løyvet skal vere med under flyginga/landinga
- Løyvet gjeld den for perioden 10.-22. august 2014
- Løyvet gjeld berre for landing innanfor landskapsvernområdet. Tiltakshavar må sjølv syte føre å ha naudsynt løyve frå kommunen og eventuelt frå anna lovverk.
- Motorferdsela skal avgrensast til det som er naudsynt

Vedtak:

Arbeidsutvalet fatta vedtak i tråd med framlegget til verneområdeforvaltaren.